

## Innkalling til møte i felles programstyre for lektorutdanninga Møte 6 2023

Tidspunkt: 13. november 2023, kl. 09.00 – 11.00

Møtestad: Langes gate 1-3

### Forslag til dagsorden:

**I Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**II Godkjenning av protokoll frå møtet 7. september**

Protokollen er sendt ut.

**III Diverse tilbakemeldingar frå programstyreleder**

### Vedtakssaker

**Sak 51/23 Møteplan for vår 2024**  
Notat frå lektorsenteret

**Sak 52/23 Emneplanar for profesjonsfaga i ny modell**  
Notat frå lektorsenteret

### Drøftingssaker

**Sak 53/23 Økonomi og budsjett for lektorsenteret**  
Notat frå lektorsenteret

### Orienteringssaker

**Sak 54/23 UHR-lærarutdanning og Nasjonalt fagorgan for lektorutdanning og PPU**  
Notat frå lektorsenteret

**Sak 55/23 Rammeplanutvalet**  
Munnleg orientering ved Endre Brunstad

**Sak 56/23 Forskingsdagen 2023 - avlyst**  
Munnleg orientering ved Hilde Selbervik

**Sak 57/23 Nytt frå praksisutvalet**  
Notat frå lektorsenteret

**Sak 58/23 Pilotering av MOSO**  
Notat frå lektorsenteret

**Sak 59/23 Ekstern fagfelle besøk 23.-24. okt.**  
Munnleg orientering ved fakultetsrepresentantane

**Sak 60/23**    **Lektorpraksis i utlandet (Cape Town og Rouen)**  
Munnleg orientering frå lektorsenteret

**Sak 61/23**    **Eventuelt**

**Sak 51/23      Møteplan for vår 2024**

Notat frå lektorsenteret

*Vedtakssak*

## **Notat**

**Til: Felles programstyre for lektorutdanninga**  
**Møte: 13. november 2023**

ephorte: 23/206

---

Forslag til møteplan for våren 2024:

- Tysdag 23. januar, kl. 09.00 – 11.00
- Torsdag 21. mars, kl. 09.00 – 11.00
- Onsdag 29. mai, kl. 09.00 – 11.00

### **Forslag til vedtak:**

Felles programstyre vedtek forslag til møteplan for våren 2024.

**Sak 52/23      Emneplanar for profesjonsfaga i ny modell**

Notat frå lektorsenteret

*Vedtakssak*

## Notat

**Til: Felles programstyre for lektorutdanninga**  
**Møte: 13. november 2023**

ephorte: 23/206

---

### Bakgrunn

I [redesignprosessen for lektorutdanninga](#) er det lagt opp til at emneplanar, studieplanar og praksisordning skal ferdigstillast i løpet av haustsemesteret 2023. Såleis hadde dei involverte fakulteta frist 1. november med å levere inn utkast til emneplanar for fagdidaktikk og pedagogikk, medan praksisutvalet fekk frist til 1. november med å utvikle framlegg til emneplanar for praksis. Det er vidare gitt tidsfrist til 1. desember for innlevering av studieplantekstar frå fakulteta til programstyret.

Det programstyret skal ta stilling til no, er utkast til emneplanar for fagdidaktikk og pedagogikk. Programstyret si rolle vil vere å vurdere innhald og form i emneplanutkasta, med utgangspunkt i det overordna ansvaret programstyret har for samordning og for å sikre samanheng og heilskap i lektorutdanninga ved UiB, særleg med tanke på samanhengen mellom disiplin-fag, profesjonsfag og praksis. På dette grunnlaget vil det vere forventna at programstyret kjem med både generelle og meir konkrete innspel før styringsorgana ved dei aktuelle fakulteta gjer vedtak om emneplanar før 1. desember.

På grunn av tidsaspektet bør innspela frå programstyret vere så tydelege som mogleg, og det same bør premissane for innspela vere.

Kortpraksis blir omtala i saka her, sidan kortpraksis inngår i pedagogikkemnet i første semester og fagdidaktikkemna i tredje semester.

Utkast til emneplanar for langpraksis og profesjonsdagar (kampusbasert praksis) er lagde ved til orientering og som diskusjonsgrunnlag. Programstyret gjer vedtak om dei sistnemnde emneplanane på møtet sitt i desember. Når det gjeld studieplanar for lektorprogramma, vil desse bli handsama på programstyremøtet i januar 2024.

### Styringsdokument: Rammeplan for lektorutdanning

Programstyret skal sjå til at forskrift om rammeplan for lektorutdanning 8–13 blir følgd, dvs. at emneplanane bidreg til at lektorutdanninga ved UiB tilfredsstillar krava som er formulerte i rammeplanen. I tillegg skal programstyret sjå til til emneplanane forhold seg til nasjonale retningslinjer for lektorutdanning 8–13.

[Rammeplan for lektorutdanning 8–13](#) bidreg til ei overordna nasjonal styring av lektorutdanninga. Sidan rammeplanen har forskriftstatus, er UiB forplikta av det som står der. Rammeplanen vart med verknad frå 1. august 2023 noko forenkla, bl.a. vart kravet om praksis i fire av fem år endra til krav om praksis i tre av fem år. Det går no føre seg prosessar der målet er å gjere rammeplanstyringa av lærarutdanningane meir overordna, og mindre detaljstyrt. Det er samtidig ein premiss at det framleis skal vere rammeplanstyring av lærarutdanningane i Noreg, og at nye rammeplanar først kan bli innførde i 2025. Sidan det er uråd å planleggje for anna enn den rammeplanen som gjeld i dag, vil den vere utgangspunktet vårt.

Det er verdt å presisere på kva måtar rammeplanen for lektorutanninga fungerer forplikande. Her kan det analytiske skiljet mellom prinsipp og reglar vere nyttig. Tilhøvet mellom prinsipp og reglar er velkjent gjennom rettsteori og normteori, og refererer til ulike typar normer som fungerer på ulike måtar.

*Prinsipp* kan forståast som dei momenta vi skal ta omsyn til når vi gjer ei beslutning. Eit prinsipp må vanlegvis forståast og balanserast i høve til andre prinsipp, dvs. at meininga og funksjonen til prinsipp blir relasjonell. Døme på prinsipp i rammeplanen er at utdanninga skal vere integrert, profesjonsretta, forskingsbasert og erfaringsbasert, likeins at utdanninga skal vere av høg kvalitet og ha heilskap og samanheng mellom disiplinfag, profesjonfag og praksis, og at det skal vere progresjon i studiet. Læringsutbytteformuleringane i rammeplanen kan forståast som prinsipp, og eit døme på det er målet om at den ferdige kandidaten «kan bidra til innovasjonsprosesser og nytenkning og gjennomføre profesjonsrettet faglig utviklingsarbeid». Ei slik formulering viser til viktige intensjonar, omsyn og tenkjemåtar, men gir ikkje uttrykk for ein eintydig regel og seier heller ikkje noko om konkrete handlingar. På den måten gir rammeplanen rom for profesjonell dømmekraft ved at læringsutbytte blir noko som kan fremjast på ulike måtar.

Rammeplanen sine punkt om «Virkeområde og formål» og «læringsutbytte» svarar i stor grad til det vi kan kalle prinsipp.

*Reglar* er av eit anna slag enn prinsipp. Reglar skal ikkje vurderast i høve til andre reglar, men er absolutte kvar for seg. Reglar fungerer som instruksar, og instruksar binder mottakaren til å handle på ein spesifikk måte. I rammeplanen gjeld det bl.a. reglane for praksislengde og for omfang og fordeling av disiplinfag og profesjonfag. At det i rammeplanen står at det skal vere ei bacheloroppgåve i løpet av dei første tre åra, er også eit absolutt krav. Rammeplanen sine punkt om «Struktur og innhold», «Godkjennings- og fritaksbestemmelser» og «Ikrafttredelse og overgangsregler» kan seiast å handle om reglar, sjølv om det òg her er fleire element av prinsipp.

Når programstyret vurderer dei ulike emneplanane i høve til forskrift om rammeplan er skiljet mellom prinsipp og reglar nyttig, fordi det seier noko om på kva felt styringa av lektorutanninga er overordna og relasjonell og kvar den er absolutt og instruksforma. Når programstyret vurderer emneplanar i høve til rammeplanen, må såleis vurderinga av strukturelle spørsmål vere ganske eintydig. Vurderinga av læringsutbytteformuleringar og andre spørsmål som gjeld prinsipp, blir derimot meir relasjonelt orientert.

Det må samtidig poengterast at UiB er forplikta til å realisere rammeplanen, både gjennom prinsipp og reglar. Såleis er det ei oppgåve i denne fasen av redesignprosessen å sannsynleggjere at viktige oppgåver er dekte i dei aktuelle emneplanane.

For opplevinga av ei mest mogleg heilskapleg lektorutdanning er det føremålstenleg at strukturen i emneplanane er mest mogleg einskapleg, såframt særlege grunnar skulle tilseie noko anna. Det betyr at sjangernormene for læringsutbytteformuleringar og for plassering av ulike moment i emneplanar blir følgt opp og kommentert dersom det er påfallande normbrot.

## Nasjonale retningslinjer

Rammeplanen presiserer at det skal vere nasjonale retningslinjer for lektorutdanninga. [Dei nasjonale retningslinjene](#) har derimot ikkje forskriftstatus. Difor er ikkje UiB forplikta overfor retningslinjene på same måten som overfor rammeplanen. Det er likevel forventa at UiB er merksam på og har reflektert rundt formuleringane i nasjonale retningslinjer sidan dei uttrykkjer ein nasjonal konsensus i fagmiljøa

Nasjonalt fagorgan for lektorutdanning og PPU har dei siste to åra hatt gåande ein prosess for å justere dei eksisterande nasjonale retningslinjene. Den prosessen er sett på vent på grunn av det pågåande arbeidet med rammeplanar. Vi vil dermed framleis nokre år forhalde oss til dei rammeplanane som gjeld no.

Dei nasjonale retningslinjene prøver å gi ein innholdsmessig grenseoppgang mellom fagdidaktikk og pedagogikk. Det kjem til uttrykk gjennom desse læringsutbytttemåla:

	Fagdidaktikk	Pedagogikk
<b>Kunnskap</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• har kunnskap om fagområdet historie, egenart og plass i skolen og samfunnet</li><li>• har et variert repertoar av undervisnings- og læringsstrategier, arbeidsmetoder og læremidler i fagene</li><li>• har innsikt i ulike faglige utfordringer for elevgrupper i forskjellige skoleslag</li><li>• har kunnskap om tverrfaglig samarbeid og hvordan undervisning i fag kan tilrettelegges for elever på ulike studieprogram</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• har kunnskap om skolen som organisasjon, samt relevante lover, konvensjoner og planverk som er sentrale for grunnopplæringen</li><li>• har inngående kunnskap om læring og undervisning, herunder tilpasset opplæring og spesialundervisning, samt ulike strategier for klasse- og læringsledelse</li><li>• har bred kunnskap om sammenhenger mellom individuelle, sosiale og kulturelle faktorer i arbeidet med tilpasset opplæring, likeverd og frafallsproblematikk</li><li>• har innsikt i og forståelse for ungdommers utvikling i ulike sosiale og kulturelle kontekster, samt ungdom i vanskelige livssituasjoner og deres rettigheter</li></ul>
<b>Ferdigheter</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• kan analysere læreplaner og utvikle lokale fagplaner som grunnlag for planlegging, gjennomføring og vurdering av egen undervisning</li><li>• kan lede og motivere elever i det faglige arbeidet og skape konstruktive og inkluderende læringsmiljø</li><li>• kan differensiere opplæringen og identifisere og møte ulike lærevansker</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• kan lede og motivere elever og skape konstruktive og inkluderende læringsmiljø</li><li>• kan lede elevers læring i teknologitette klasserom</li><li>• kan beskrive kjennetegn på kompetanse, vurdere og dokumentere elevers læring, gi læringsfremmende tilbakemeldinger og bidra til at elevene kan reflektere over egen læring og egen faglige utvikling</li><li>• kan identifisere og iverksette tiltak i samarbeid med aktuelle instanser for å</li></ul>



	<p>og behov for spesialundervisning</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• kan bruke faglige kjennetegn på mål-oppnåelse og gi gode faglige begrunnelser, samt ta i bruk et bredt spekter av vurderings-former som bidrar til å fremme læring i fagene</li> <li>• kan anvende IKT for å fremme god læring og vurderingspraksis i sine fag</li> </ul>	<p>møte elevers behov, herunder å kunne identifisere tegn på læringsvansker og tegn på vold og seksuelle overgrep</p>
<b>Generell kompetanse</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• kan skape en god sammenheng mellom overordnede prinsipper for opplæringen og fagets læreplaner</li> <li>• kan orientere seg i og forholde seg kritisk til faglitteratur</li> <li>• kan reflektere over og utvikle egen faglig praksis</li> <li>• kan videreutvikle sin kompetanse gjennom faglitteratur og forskning</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• kan bygge relasjoner til elever, kollegaer og foresatte, og samarbeide med aktører som er relevante for skoleverket</li> <li>• vet hvordan en best kan forebygge mobbing og kan iverksette tiltak i samarbeid med skolens støttefunksjoner</li> <li>• kan med stor grad av selvstendighet videreutvikle egen kompetanse og bidra til både kollegers og skolens profesjonelle utvikling</li> <li>• har en profesjonell holdning til og kan kritisk reflektere over profesjonsetiske og utdanningspolitiske spørsmål lokalt og globalt .</li> </ul>

Formuleringane i dei nasjonale retningslinjene kan seiast å svare til etablerte oppfatningar om innhald i og grenser mellom fagdidaktikk og pedagogikk. Det handlar bl.a. om kunnskapssyn, arbeidsmåtar, vurdering knytt til det fagleg spesifikke på den eine sida, og det meir generelle ved læring, arbeidsmåtar og vurdering på den andre sida. I tillegg er spørsmål knytte til tilpassa opplæring, spesielle behov og ungdomskultur blitt spesifiserte (jf. nedanfor). Desse momenta er relevante å ta omsyn til når programstyret skal vurdere om og på kva måte fagdidaktikk- og pedagogikkemna dekkjer det som dei er forventa å dekkje. Det er tale om kriterium for å eventuelt etterlyse eit spesifikt innhald eller spesifikke kompetansemål som det er krav om etter rammeplanen.

### Element i emneplanen

Den vidare handsaminga av emneplantekstane vil følgje tekstkronologisk dei kategoriane som er lista opp i malane for emneplanar. Vi vil her berre ta føre oss dei kategoriane som framstår som relevante å kommentere, og nokre kategoriar vil bli slått saman.

## Mål og innhald

Ut frå rammeplanen skal lektorutdanninga som UiB tilbyr vere integrert, profesjonsretta og forskings- og erfaringsbasert. Inntrykket av dei ulike emneplanane er at dei bidreg til ei slik lektorutdanning, og at dei er relevante for dei behova skulen og samfunnet krev. Det er vanskeleg å vurdere samla sett i kva grad dei profesjonsfaglege emneplanane bidreg til heilskap og samanheng i lektorutdanninga utan å sjå dei i samanheng med disiplin-faglege emneplanar (som enno ikkje er ferdiggjorde), men det er fleire referansar til både praksis og disiplin-fag i emneplanane.

- I dei profesjonsfaglege emneplanane er ikkje samiske forhold nemnde. Rammeplanen er tydeleg på at lektorutdanninga skal gi kunnskap om samiske forhold og den statusen urfolk har internasjonalt. Sidan vi ikkje har garanti for at dette emnet kjem inn i disiplin-faga, er det nærliggjande at profesjonsfaga har eit ansvar her. Sidan pedagogikken er det einaste profesjonsfaget som er felles for alle lektorstudentar, vil det vere rimeleg at det som må dekkjast om samiske forhold, er knytt til pedagogikkemna.

**Oppfølgingspunkt: Læringsutbytte og fagleg innhald om samiske forhold må leggjast inn i eitt av pedagogikkemna.**

- Vi konstaterer vidare at det er ingen profesjonsfag som tek opp spørsmål knytte til mobbing, skulens støttefunksjonar, spørsmål om samarbeid med aktuelle instansar for å møte elevar i vanskelege situasjonar etc. I følge nasjonale retningslinjer er dette læringsmål som høyrer til pedagogikkfaget. Det vil såleis vere rimeleg at pedagogikkfaget tek opp slike emne og at det blir synleggjort i emneplanar.

**Oppfølgingspunkt: Læringsutbytte og fagleg innhald om mobbing, skulens støttefunksjonar og korleis møte elevar i vanskelege situasjonar må leggjast inn i eitt eller fleire av pedagogikkemna.**

- Spørsmål om lærevanskar, behov for spesialundervisning og faglege utfordringar er i følge nasjonale retningslinjer eit ansvar for fagdidaktikken. Dette blir i ulik grad følgt opp i emneplanane.

**Oppfølgingspunkt: Spørsmål om lærevanskar, behov for spesialundervisning og faglege utfordringar bør bli omtala i LUB-ar og fagleg innhald i alle fall på eitt steg i studieløpet i kvart av didaktikkfaga.**

## Læringsutbyttebeskrivingar

Det er ein viss variasjon i læringsutbyttebeskrivingar, bl.a. når det gjeld formuleringsmåtar og omfang. Denne variasjonen kan det vere faglege grunnar til, og vi skal vere varsame med å prøve å straumlinjeforme beskrivingane. Dei merknadene som vi her skal kome med, handlar primært om problematiske sider, særleg knytte til progresjon og presisjonsnivå.

- I ein del fagdidaktiske fag framstår progresjonen i læringsutbytteformuleringane som noko svak. Det kjem bl.a. til uttrykk gjennom formuleringsmåtar, t.d. om "ha innsikt i" både på lågare nivå og høgare. Det er behov for å gå gjennom og spesifisere progresjon både i høve til omfang, innhald og vanskegrad i fleire av fagdidaktikkemna. (Det gjeld òg andre område enn læringsutbytteformuleringar.) Det er stor skilnad på studentane sine faglege føresetnader (både disiplin-fagleg og undervisningserfaring) i det tredje semesteret av utdanninga og i det åttande. Læringsutbyttet i emneplanane må reflektere dette tydeleg, og i fleire tilfelle betyr

det *tydelegare* enn kva tilfellet er i emneplanutkasta som ligg føre. I det åttande semesteret er studentane på masternivå og nærmar seg ferdig utdanna lærarar, og fagmiljøa bør sikre at det faglege nivået er spegla i formuleringane i læringsutbyttet.

**Oppfølgingspunkt: Fagdidaktikkemna i åttande semester må bruke markørar for høgare fagleg nivå i læringsutbyttet (til dømes som i skilnaden mellom «kjennskap til» (tidleg i eit løp) og «inngåande kunnskap om» (seinare i eit løp))**

Det er vidare grunn til å forvente progresjon hos studentane sjølv om emnet blir definert som innføringsemne. Sjølv om både tredje- og femte-semester-emna i fagdidaktikk er innføringsemne, er det ikkje eit generelt innføringsemne i fagdidaktikk for studentane, og ein bør ha som føresetnad at studentane går gjennom ein generell progresjon i studieløpet, og at det kjem til uttrykk i emneplanen.

- I formuleringa av generell kompetanse i fagdidaktikk kunne ein forvente fleire felles formuleringar innanfor kvart semester i studieløpet. Det har ikkje vore tid og høve til å gjere dette. Her bør det gjerast eit utviklingsarbeid i løpet av 2024, og det er rimeleg at programstyret tek ansvar for det.

**Oppfølgingspunkt: Programstyret vil arbeide vidare med å etablere fleire felles formuleringar av generell kompetanse i fagdidaktikk.**

- Det er tilfelle (som for samfunnsfagsdidaktikk i åttande semester) der den generelle kompetansen er formulert såpass generell og disiplinfororientert at det fagdidaktiske blir usynleggjort.

**Oppfølgingspunkt: Fagdidaktikkmiljøa må sikre at den fagdidaktiske kompetansen blir tydeleg nok under generell kompetanse i læringsutbyttebeskrivingane.**

- Leiaren i praksisutvalet har i møte med fagdidaktiske miljø utarbeidd felles læringsutbytteformuleringar for kortpraksisemna i første og tredje semester. Sidan det var konsensus om framgangsmåten her, må ein forvente at desse formuleringane kjem inn i alle emneplanar i fagdidaktikk i desse semestera. Det bør òg markerast at desse kompetansemåla er knytte til praksis.

**Oppfølgingspunkt: Dei felles etablerte formuleringane til læringsutbytte og andre emneplantekstar for kortpraksis i første og tredje må leggjast inn i alle dei aktuelle emna. Sjå vedlagt eksempel-emne for plassering av dei ulike tekstane.**

- For kortpraksis i tredje semester vil vi føreslå at eitt av læringsutbyttmåla blir justert, slik at det framstår meir i tråd med sjangernormene:

**FRÅ: kan ta utgangspunkt i relevante kompetansemål og aktuelle læremiddel og planlegge og grunngi to til fire undervisningsøkter, gjennomføre øktene og reflektere rundt læringsprosessen.**

**TIL: kan planlegge, gjennomføre og grunngi undervisningsøkter med utgangspunkt i relevante kompetansemål og læremiddel**

Dette blir lagt inn i eksempelmalen, sjå oppfølgingspunkt 8.

Tilrådde forkunnskapar og krav til forkunnskapar

*Krav til forkunnskapar* set opp ei formell sperre, slik at ein student som ikkje har bestått emne som inngår i forkunnskapskrava, ikkje kan melde seg til emnet. *Tilrådde forkunnskapar* synleggjer kva emnet byggjer på og føreset av kunnskap/ferdigheiter, utan å stenge for oppmelding til emnet.

I dagens modell er det eit krav at ein har gjennomført tidlegare praksisperiodar for å kunne ta neste periode. For pedagogikkemna gjeld at ein må ha avlagt dei føregåande emna før ein kan ta dei neste. For fagdidaktikkemna ser det ut til å vere variasjon i kva forkunnskapar ein krev og tilrår, og her kjem dessutan fagspesifikke krav og tilrådingar inn, som t.d. «minimum 15 studiepoeng i *faget*».

Det er mykje variasjon i dei innsende emneplanene med omsyn til kva forkunnskapar som det er krav om, og kva som blir tilrådd. I ein del emneplanar er ingenting av dette omtalt eller berre krav. Programstyret bør ta stilling til ei felles utforming av krav og tilrådingar for felleskomponentane i praksis og pedagogikk, slik at studentane på tvers av programma blir møtt med dei same krava.

Didaktikkemna som manglar omtale av forkunnskapskrava bør, dersom dette ikkje allereie er gjort, kvalitetssikre den fagspesifikke informasjonen under *tilrådde og krav til forkunnskapar*.

Når det gjelder krav og tilrådingar knytt til pedagogikk og praksis, bør følgjande formuleringar gjelde for alle didaktikkemna:

Didaktikkemna i tredje semester:

*Krav til forkunnskapar: PEDA130.*

*Tilrådde forkunnskapar: PROFDAG1, PROFDAG2.*

Didaktikkemna (i fag 2) i femte semester:

*Krav til forkunnskapar: Didaktikkemnet i tredje semester i fag 1.*

*Tilrådde forkunnskapar: PROFDAG3, PROFDAG4.*

Didaktikkemna i åttande semester (andre didaktikkemne i fag 1):

*Krav til forkunnskapar: PEDA131, LAPRA100, Didaktikkemnet i femte semester i fag 2.*

*Tilrådde forkunnskapar: PROFDAG5, PROFDAG6, PROFDAG7.*

***Oppfølgingspunkt: Det blir i fagdidaktikkemna lagt inn både felles krav til forkunnskapar og felles tilrådde forkunnskapar knytte til pedagogikk og praksisemna, jf. oversikta ovanfor.***

Arbeids- og undervisningsformer

Det er grunn til å tru at det er legitime fagspesifikke grunnar til å velje dei arbeids- og undervisningsformer som ein gjer dei ulike emna. Det er ikkje føremålstenleg av programstyret å vurdere desse grunnane. På eit generelt grunnlag bør fagmiljøa oppmodast å vere så spesifikke som

mogleg og liste opp dei ulike arbeids- og undervisningsformene som er relevante. Det er vidare relevant å ta omsyn til arbeidsomfanget til studentane.

### Obligatoriske arbeidskrav

Det er ein viss variasjon mellom dei fagdidaktiske emna når det gjeld omfanget av obligatoriske undervisningsaktivitar. Vi går ut frå at dette heng saman med ulike faglege føresetnader som kvar for seg er legitime, og at det samla sett vil bli etablert eit arbeidsomfang i emnet som er høveleg. Arbeidsomfanget vil då hengje saman med fleire faktorar, bl.a. vurderingsform, pensumomfang etc. Sjå også omtale under litteraturliste og arbeidsomfang.

- I åttande semester har PEDA132 lagt inn som obligatorisk undervisningsaktivitet eit utviklingsprosjekt/forskningsprosjekt knytt til eigen praksis. Dette er omtalt under læringsutbytte for ferdigheiter og under obligatorisk undervisningsaktivitet. Denne undervisningsaktiviteten vil utan tvil vere verdifull for læringsutbyttet i pedagogikkemnet, og kan bidra til å styrkje koplinga mellom teori og praksis. Samtidig er det problematisk at eitt - og berre eitt – profesjonsemne får intervenere på denne måten i praksis, i og med at praksis er eit fellesemne i lektorutdanninga (og ikkje eigd av det profesjonsemnet som i dette tilfellet intervenserer). Det kan føre til at praksis i større grad blir prega av pedagogiske enn fagdidaktiske tilnæringsmåtar. Dersom fagdidaktikkemna i åttande semester også fører inn tilsvarande prosjekt i praksis, slik det til ein viss grad har blitt uttrykt ønske om, vil arbeidsomfanget for studentane lett bli altfor omfattande, i tillegg til at eigendynamikken i praksisstudiet vil bli meir forstyrra. For å unngå utfordringar med arbeidsomfang, kan det vere nærliggjande å «forby» utviklingsprosjekt i praksis for fagdidaktikkemna, men å gjere det vil vere fagpolitisk problematisk når ein samtidig har opna for slike prosjekt for pedagogikkemnet.

**Oppfølgingspunkt: Eventuelle praksistilknyttede utviklingsprosjekt i åttande semester bør vere felles mellom pedagogikk og fagdidaktikk. Dei aktuelle fagmiljøa blir oppmoda om å gå vidare for å spesifisere planar om det.**

- I eit fagdidaktisk emne står at studentane «[kan] i tillegg bli pålagt å gjere inntil 2 obligatoriske arbeidskrav». Det kan det vere fagleg legitime grunnar for fleksibilitet, men vage formuleringar knytte til krav er uheldig med tanke på det å måle faktisk arbeidsomfang.
- Ved HF-fakultetet er det i fleire fagdidaktiske emne oppført krav om minst 80 prosent fram møte på undervisninga. Det kan vere føremålstenleg at fagmiljøa har ein gjennomgang på måten dette kravet blir formulert på, slik at det ikkje framstår for studentane som eit mål om at ein berre skal eller treng å møte opp til 80 prosent av undervisninga.

### Vurderingsformer

Det kjem til uttrykk ulike vurderingsformer i emnebeskrivingane. Alle vurderingsformer verkar fagleg sett rimelege. Sidan vi enno ikkje veit korleis vurderingsformene blir for disiplinfaga, har vi ikkje grunnlag for å seie noko om det vil vere rimeleg variasjon i vurderingsformene innanfor studieløpet som heilskap.

Programstyret si oppgåve i denne fasen blir å sjå etter at vurderingsformene i pedagogikk- og didaktikkemna er godt samstemte slik at det for studentane gir eit heilskapleg semester, med godt tilpassa arbeidsomfang og faglege krav totalt sett. Samanhengen mellom profesjonsemna (ped og did) og praksis i same semester må vere gjennomtenkt, og studentane må få tid til å konsentrere seg om praksis når dei er i skulen.

Programstyret må elles føresetje at formelle og ressursmessige sider av vurderingsformene blir kvalitetssikra i vedtaksprosessane på fakulteta, og treng derfor ikkje gå inn i dette. Vi har notert oss at det manglar omtale av omfanget av vurderingsformer i nokre emne (t.d. antal ord i semesteroppgåver), og andre stader er det uklart kva som er tilhøvet mellom ulike eksamensdelar, forholdet mellom munnlege presentasjonar og øvrige delar av ei mappe, m.m. Dette er element som fakulteta i tråd med ordinær praksis kvalitetssikrar vil rette opp i sine vedtaksprosessar.

### Litteraturliste og arbeidsomfang

Å berekne arbeidsomfang for studentar er ei samansett oppgåve, som omfattar fleire variablar enn tid, sjølv om tid er ei grunnleggjande føresetnad for læring.

Studentar lærer mest i forkant eller etterkant av organisert undervisning. Ein tommelfingerregel er difor at studentane bør bruke minst halvparten av tida på å jobbe med lærestoff på eigenhand. I tillegg handlar både læring og arbeidsomfang om å differensiere mellom nivå, fag, kompleksitet og mellom ulike undervisnings- og arbeidsformer. Det er difor rimeleg å forvente eit større innslag av sjølvstendig arbeid av vidarekomne studentar, samanlikna med ferske studentar.

Det er verdt å merke seg at det ikkje finst spesifikke, offisielle krav til tal på undervisningstimar, pensumsider o.l., sjølv om det ved visse fakultet, program eller fagmiljø finst «hus-normer» for det. For kvart emne bør ein difor ta utgangspunkt i kor mykje undervisning det er planlagt, kva aktivitetar studentane skal gjennomføra (førebuing til undervisning, lesing, skriving, eksamensførebuing etc.) slik at ein tilpassar arbeidsomfanget til talet på studiepoeng. *Dersom* ein ønskjer å føre opp sidetal i kategorien «litteraturliste», bør ein vere merksam på alle desse faktorane, og ta omsyn til at sidetalsoppføring skaper spesifikke bindingar.

UiB legg til grunn at eitt studiepoeng utgjer 1/60 av eit heilt studieår og inneber rundt 25–30 arbeidstimar for studentane. (UiBs forskrift, § 2-3 fjerde ledd)

For eit emne på 10 studiepoeng inneber det mellom 250 og 300 arbeidstimar for studentane, alt inkludert (organisert undervisning, eigenstudiar og eksamen). Det kan vera utfordrande å vite kor mykje tid studentane brukar på dei ulike aktivitetane, særleg tida dei brukar på eigenstudiar og lesing. (Vedlagt ligg ein arbeidsomfangs-kalkulator (Excel-fil) som kan nyttast rettleiande for å få inntrykk av kor mykje tid studentane treng til ulike aktivitetar. Kalkulatoren er utvikla av undervisarar i naturvitskap ved Universitetssenteret på Svalbard (UNIS), men er også nyttig for andre fag. Utrekningane er m.a. basert på den finske rapporten [Give me time to think. Determining student workload in higher education](#) (Karjalainen, Ahla & Jutila 2008).)

### Oppfølgingspunkt:

Dei ansvarlege for fagdidaktikk- og pedagogikkemna blir oppmoda til å bruke arbeidsomfangs-kalkulatoren for å sjekke korleis dei planlagde emna slår ut med tanke på arbeidstimar for studentane. For emne med kortpraksis skal ein vere merksam på praksisomfanget.

Slik brukar du Excel-fila "Student workload calculation sheet":

Last ned fila på di eigen maskin og vel riktig storleik på emnet (ulike ark nedst). Skriv inn tala på dei ulike undervisningsaktivitetane du har planlagt. Merk at timefaktorane er for studentane, ikkje for undervisar. Det er tomme kategoriar (other) du kan fylla ut om du har aktivitetar som ikkje stemmer med dei foreslåtte timefaktorane som ligg til grunn for skjemaet. Feltarbeid kan er brukast for å leggja inn praksistimar.

Bilete av kalkulatoren, der det er lagt inn 12 forelesningar, 60 timar praksis (= 10 dagar a 6 timar) og 400 sider pensum. Allereie før eksamen er lagt inn er arbeidsomfanget oppe i 274 timar, som tilsvarar 10 sp.

Course x 267 hours - 10 ECTS			
Contact hours and study time (before and after)	# Teaching	Time factor	Workload
Lectures	12,0	2,0	24,0
Seminars	8,0	2,0	16,0
Lab	0,0	2,0	0,0
Field	30,0	2,0	60,0
Other	0,0	0,0	0,0
<b>Total contact hours and study time</b>			<b>100,0</b>
Curriculum	# Pages	Time factor	Workload
Curriculum (articles)	400,0	3,3	121,2
Curriculum (book chapters)	0,0	5,0	0,0
<b>Total curriculum</b>			<b>121,2</b>
Assessment and exam preparation	# Assessment	Time factor	Workload
Written exam	0,0	1,0	0,0
Oral exam	0,0	1,0	0,0
Written projects	0,0	0,0	0,0
Lab journal	2,0	0,0	0,0
Other	0,0	0,0	0,0
Preparation for exam	267,0	0,2	53,4
<b>Total assessment and exam preparation</b>			<b>53,4</b>
<b>Workload (hours)</b>			<b>274,6</b>
<b>Overtime (hours)</b>			<b>7,6</b>
<b>ECTS</b>			<b>10,3</b>

Andre forhold

### Kortpraksis: antal forsøk for kortpraksis og gyldighetsperioden for godkjent praksis

Kortpraksis inngår som obligatorisk aktivitet i pedagogikkemnet i første semester og didaktikkemna i tredje semester, og praksis må vere godkjent for at studentane skal kunne gjennomføre eksamen i desse emna.

Studentane kan ta praksis ein gong til, altså totalt to forsøk på å få godkjent praksis, jf. studieforskrifta § 8-1. Dersom praksis er godkjent, er det mogleg med inntil tre eksamensforsøk. Oppfølgingspunkt: I emneomtalane for PEDA130 og didaktikkemna i tredje semester må difor følgjande formulering leggjast inn under «Obligatoriske undervisningsaktivitetar»:

Antal forsøk på kortpraksis:

Kortpraksis er ein obligatorisk undervisningsaktivitet i emnet. Studentar som får ikkje godkjent på kortpraksis, kan ta kortpraksis på nytt éin gong til.

Varigheit: Godkjende obligatoriske arbeidskrav (herunder kortpraksis) har ei varigheit på tre semester.

#### Emnenamn og emneodar på profesjonsemna

Emnenamna på fagdidaktikkemna i lektorutdanninga bør gi mest mulig likearta informasjon til studentar og tilsette om kva fag emnet er knytt til, og om kva semester i studieløpet det gjeld. For fag I er det to didaktikkemne (i tredje og åttande semester), og det bør være lett å skilje dei to didaktikkemna i fag 1 frå kvarandre. Dei fleste faga har løyst dette med å ta med 1 og 2 i emnetitlane. Alternativt kan det synleggjerast med

- «Didaktikk i ...(faget), fag 1, tredje semester»
- «Didaktikk i ...(faget)...fag 2, femte semester»
- «Didaktikk i ...(faget)... fag 1, åttende semester»

Alternativ til «didaktikk i (faget)» kan vere (fag)didaktikk, t.d. som i «kjemididaktikk». For lektorprogrammet i matematikk og naturfag vil det ikkje vere relevant å ha med «fag 1» og «fag 2» sidan inndelinga ikkje er den same her som i programma i humanistiske fag og samfunnsfag.

Dersom det er mogleg, vil det vere ein stor fordel om emnekodane også er gjenkjennelege og informative på tvers av studieretningane i lektorutdanninga. Om dei då er utforma etter same logikk, så vil dei i større grad vere det.

Oppfølgingspunkt: Programstyret gir lektorsenteret fullmakt til å samarbeide med fakulteta om å samordne emnetitlar og emneodar for didaktikkemna på tvers av lektorprogramma.

#### Språkføring og malar

Ein av emneplanane er skriven på bokmål (samfunnsfagdidaktikk for åttande semester). Her må det skje ei omsetjing til nynorsk. For ein del av emneplanane er det behov for korrektur.

Nokre emneplanar (samfunnsfag) er ført inn i malar for studieprogram og manglar derfor nokre av dei obligatoriske kategoriane for emne.

Vi går ut frå at tekstane blir gjennomgått med tanke på krav til universell utforming av tekstar (bl.a. med bruk av kulepunkt og ikkje strekpunkt).

**Oppfølgingspunkt: Språkføring og malar må kvalitetssikrast og alle emneplanar må vere på nynorsk. Programstyret føreset at dette blir følgt opp på ordinært vis ved fakulteta.**

## KONKLUSJONAR OG OPPFØLGINGSPUNKT

1. Læringsutbytte og fagleg innhald om samiske forhold må leggjast inn i eitt av pedagogikkemna.



2. Læringsutbytte og fagleg innhald om mobbing, skulens støttefunksjonar og korleis ein skal møte elevar i vanskelege situasjonar, må leggjast inn i eitt eller fleire av pedagogikkemna.
3. Det vil vere føremålstenleg at spørsmål om lærevanskar, behov for spesialundervisning og faglege utfordringar blir omtala anten i kategoriane «mål og innhald» eller «læringsutbytte» i alle fall på eitt steg i studieløpet i kvart av didaktikkfaga.
4. Fagdidaktikkemna i åttande semester må bruke markørar for høgare fagleg nivå i læringsutbyttet (til dømes som i skilnaden mellom «kjennskap til» (tidleg i eit løp) og «inngåande kunnskap om» (seinare i eit løp))
5. Programstyret vil arbeide vidare med å etablere fleire felles formuleringar av generell kompetanse i fagdidaktikk
6. Fagdidaktikkmiljøa må sikre at den fagdidaktiske kompetansen blir tydeleg nok under generell kompetanse i læringsutbyttebeskrivingane.
7. Dei felles etablerte formuleringane til læringsutbytte og andre emneplantetekstar for kortpraksis i første og tredje må leggjast inn i alle dei aktuelle emna. Sjå vedlagd eksempelemne for plassering av dei ulike tekstane.
8. Det blir i fagdidaktikkemna lagt inn både felles krav til forkunnskapar og tilrådde forkunnskapar knytte til pedagogikk og praksisemna. (sjå s. 8)
9. Eventuelle praksistilknytte utviklingsprosjekt i åttande semester bør vere felles mellom pedagogikk og fagdidaktikk. Dei aktuelle fagmiljøa blir oppmoda om å gå vidare for å spesifisere planar om det.
10. Fagmiljøa som er ansvarlege for fagdidaktikk- og pedagogikkemna blir oppmoda om å bruke arbeidsomfangskalkulatoren for å sjekke korleis dei planlagde emna slår ut med tanke på arbeidstimar for studentane. For emne med kortpraksis skal ein vere merksam på praksisomfanget.
11. I emneomtalane for PEDA130 og didaktikkemna i tredje semester må formulering om tal på forsøk og varigheit for godkjent kortpraksis leggjast inn under «Obligatoriske undervisningsaktivitetar» (sjå eksempelmal)
